



Ingvill har nådd målet sitt på hesteryggen

Det skjer stadig noko på skulen i Uskedalen. i dag var det dyredag for fyrste gong på 3 år og mange elever var lukkelege over å få presentert dyra sine.

Men vi vågar å tru at Ingvill Myklebust (13) som bur på Musland var den lukkelgaste fordi ho fekk oppfylt det største ynskjett sitt.

Det var å få ri til skulen og attende på denne siste dagen på Uskedalskulen.

Det vart ein tur på rundt ei mil og den tok nesten 3 timar tilsaman.



Ashild Johanne Vivelid med Tigris som er nesten nyfødt

Ingvill er heilt hekta på hest og ho rir kvar dag på Vilje som er 11 år no og ein blanding av dølahest og nordlandshest. Ikkje overraskande er draumen hennes å verta veterinær.

Det vart synt fram to hestar til på skulen denne dagen - islandshesten Skessa (tyder trollkjerring) som tilhøyrrer Andrea Hjelmeland på Rød og fjordingen Vesleprinsa til Gunvor Myklebust.

Utvalet av dyr var imponerande.. 7-åringen Torbjørn Haugland som mønstra høner på Aktivitetsdagen sist helg hadde 2 kalvar å presentera denne

dagen og Maia Pile som også er 7 synt fram høna Petra som forsyner familien med dei egga dei treng.

Elles var det lam, katter, kaninar,, rumpetroll, hamsterar, marsvin og hundar. Apropos dei siste venta vi forgjeves på ei danseframsyning av hunden til familien Børve!

Dyredagen vart klokt knytt saman av ein quiz med 10 spørsmål som handla om dyra og eigarane, til dømes kva dyr Ine Victoria hadde og kor mange høner Anders i 2. klasse hadde med seg.

Men vi sakna eit

spørsmål om kor langt Ingvill rei i dag...

Alt i alt var dette ein dag fylt med det ein vel kan kalla levande pedagogikk.

Det er vel ikkje naudsynt å venta 3 år til neste gong?



Maia Pile viser fram Petra

